



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

10.11.2025

Vår ref:

2018/1289

FRANZEFOSS GJENVINNING AS AVD KNARREVIK  
Postboks 53  
1309 RUD

Dykkar dato:

Dykkar ref:

René Wichman

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

## Rapport etter tilsyn hos Franzefoss Gjenvinning AS avd. Knarrevik, 31. oktober 2025

Kontrollnummer: 2025.013.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 31. oktober 2025 hos FRANZEFOSS GJENVINNING AS AVD KNARREVIK (organisasjonsnummer: 980888487).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

### Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet. Nærare omtale er gitt i del 2.

#### Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Deklarering av motteke farleg avfall frå utanlandske skip kan i nokre tilfelle betrast

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

#### Statsforvaltaren fann ingen avvik

Statsforvaltaren fann ingen avvik på tilsynet.

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

#### Statsforvaltaren avsluttar tilsynet

Vi ser oppfølginga etter tilsynet som avslutta.

## **Statsforvaltaren avsluttar tilsynet gjennomført 23. april 2024**

Statsforvaltaren viser til tilsyn hos dykk 23. april 2024 og tilsynsrapporten datert 17. desember 2024. Under tilsynet vart det avdekka avvik som de plikta å rette snarast. Vi bad dykk om å sende oss ei skriftleg tilbakemelding om korleis avvik er retta innan ein gitt frist. Vi har fått tilbakemelding frå dykk 3. mars 2025.

Verksemda fekk tre avvik på tilsynet i 2024, der vi såg alvorleg på avvik 3 som gjaldt leveringsplikt for avfall som utgjer ein miljørisiko. Basert på tilsynet gjennomført 31. oktober 2025 avsluttar vi oppfølginga av avvik 1 og 3. Avvik 2 om manglande utgreiing av utslepp til vatn blir følgde opp som eiga sak. Vi tek elles tilbakemeldinga til orientering og føreset at avvika er retta opp slik at verksemda vert driven i samsvar med regelverket.

Statsforvaltaren avsluttar tilsynet. Vi vil følgje opp gjeldande miljøkrav og avvikshandtering ved seinare tilsyn.

## **De vil bli pålagt å betale eit gebyr**

Statsforvaltaren varslar at FRANZEFOSS GJENVINNING AS AVD KNARREVIK må betale eit gebyr på 20 800 kr for tilsynet.

## **Vi ber om tilbakemelding på e-post**

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med saksnummer 2018/1289.

## **Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving**

### **Merknad 1: Deklarering av motteke farleg avfall frå utanlandske skip kan i nokre tilfelle betrast**

#### **Observasjonar på tilsynet og vår vurdering**

Verksemda har i nokre tilfelle ikkje spesifisert kva skip det farlege avfallet kjem frå i deklarasjonen. Ved mottak av farleg avfall frå utanlandske skip har verksemda i deklarasjonen ført opp seg sjølv som både den som leverer (avfallsprodusent) og den som får avfallet (avfallsmottakar). Dette er rett dersom verken reiarlaget, agenten eller charteren har norsk organisasjonsnummer, og avfallet vert teke imot ved Franzefoss si hamn. Namnet på skipet avfallet kom frå må alltid med i beskrivinga på deklarasjonen.

## **Varsel om gebyr**

Statsforvaltaren varslar at FRANZEFOSS GJENVINNING AS AVD KNARREVIK må betale gebyr for tilsynet. På bakgrunn av venta ressursbruk tek vi sikte på å vedta eit gebyr på 20 800 kr. Dette tilsvarer sats 4 for tilsyn av inntil en dags varighet. Vedtaket vil bli gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få eit nytt brev med vedtak om gebyr.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### **De kan gi tilbakemelding på varselet**

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan to veker.

## **Del 3: Informasjon om tilsynet**

### **Gjennomføring av tilsynet**

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn og er ei oppfølging av tilsynet der verksemda fekk alvorleg avvik.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Åsmund Skancke Karlsnes
- Mari Katrine Berg-Arnesen

Kontaktperson hos verksemda:

- René Wichman

### **Anlegg**

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Franzefoss Gjenvinning AS Knarrevik - mottak/lagring farlig avfall

### **Tema**

Følgjande tema vart kontrollerte:

- handtering av farleg avfall

### **Regelverk**

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta

### **Dokumentasjon**

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- oversikt over mengda farleg avfall på lager
- deklarasjonar på motteke og levert farleg avfall

## Del 4: Annan informasjon

### Andre tilhøve

#### Flytting til ny hall

Verksemda skal flytte inn i ny hall i januar 2026. Dei opplyste at all behandling av stykkgoods skal gå føre seg inne i hallen. Dette gjaldt også mottak og sortering av avfallet.

#### Lagring av farleg avfall og EE-avfall utandørs

Under tilsynet observerte vi noko farleg avfall som mellombels var lagra utandørs, mellom anna batteri som var under sortering og eit vindaug klassifiserte som farleg avfall. Slik lagring kan berre godtakast dersom verksemda kan dokumentere at dette gir minst like låg risiko og like godt miljøvern som lagring under tak og på fast dette med oppsamling av eventuell avrenning. EE-avfall skal lagrast på plassar med tette dekke, nødvendig anlegg for oppsamling og reinsing av overvatn, og nødvendig tak eller anna klimavern.

#### Utfyllande informasjon om deklarerer frå utanlandske skip og offshorenæringa

Verksemda tek imot farleg avfall, mellom anna frå utanlandske skip. Det er berre avfallsprodusentar med norsk organisasjonsnummer som kan registrerast i [www.avfallsdeklarerer.no](http://www.avfallsdeklarerer.no). Ved levering av farleg avfall frå skip skal følgjande stå oppført som avfallsprodusent i prioritert rekkjefølgje: 1. Reiarlaget, 2. Agenten, 3. Charteren og 4. Hamna. Dersom reiarlaget er utanlandsk, går ein vidare til agenten. Dersom agenten er utanlandsk, går ein til charteren osb. Skipets namn skal vere oppgitt i beskrivinga i deklarasjonen.

Dersom det blir motteke farleg avfall frå offshorenæringa skal operatørsselskapet for den gjeldande installasjonen først opp som avfallsprodusent. Dette er uavhengig av om selskapet sjølv eller ein kontraktør har utført det konkrete arbeidet med og handteringa (sortering, emballering) av avfallet. Vi gjer merksame på at organisasjonsnummeret i slike tilfelle ikkje skal vere nummeret til konsernet, men organisasjonsnummeret til installasjonen offshore.

#### De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

#### Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på [www.einnsyn.no](http://www.einnsyn.no), i samsvar med offentleglova. Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

Med helsing

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes  
senioringeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

*Kopi til: ØYGARDEN KOMMUNE*

*Ternholmvegen 2*

*5337*

*RONG*